

Røldal 26. august 2024

Til NVE

Saksnummer 202320330

Høyringsuttale til ny kraftutbygging i Røldal–Suldal-vassdraget

Ny kraftutbygging

Fjellbøndene i Røldal

No kjem den same problemstillinga som i 1960-åra opp. Den gongen sa Stortinget at landet trong kraft, og dei oppmoda lokale kommunestyre til å seia ja. Dette tok folket i Røldal som ei plikt til å stilla opp for å bidra til bygging av landet. Og det var ein kontrakt på seksti år. Då skulle det attende til bygda og staten.

Men fjellbøndene som hadde levd av gardsdrift, støling og jakt, vart eit lett bytte for drevne advokatar frå Hydro og staten. Folket vart lurt og overkjørt med det meste. Røldal vart totalt endra frå denne tida.

No skjer det same. Me må ha større mengde kraft ut på nettet når det er vindstille og lite sol. Me må stilla opp for storsamfunnet. Stilla opp? Det har denne bygda gjort i over seksti år. No er grensa nådd for kva Røldal skal yta. Me yter svært mykje til storsamfunnet i denne vesle bygda.

Eg konsentrerer meg om den delen av utbygginga som omfattar Røldal, sidan det er her skadane er absolutt størst og skjer der me bur. I Suldal ser det ut som ulempene er små samanlikna med Røldal, og ulempene der er langt frå sentrum, til forskjell frå i Røldal.

Me skal svara på både ny kraftutbygging og vilkårsrevisjon som skal ha forslag til forbetringar. Kva er vitsen med det når det er søkt om ny utbygging som vil øydeleggja endå meir enn det som er? Det er svært vanskeleg for oss vanlege folk å forhalda oss til dette.

I det heile er det sjokkerande og provoserande at det på ny er søkt om meir utbygging av kraft i Røldal rett etter at selskapet fekk ei gåvepakke til evig tid. Ja, det er bevis på kor lite respekt søkjaren og storsamfunnet har overfor bygdefolket i Røldal.

Som kjent er Røldal frå før svært belasta med kraftutbygging på godt og vondt. Alt av rennande vatn, tjødnar og vatn rundt oss er utbygd og regulert. Alle elvar og stort sett alle bekker har stilna. Kva tid skal denne bygda få fred for dette?

Deponi

I den nye omsøkte utbygginga er det forslag om å leggja ei fylling på 100 mål på stranda i austre delen av Røldalsvatnet. Midt i synet på alle som kjem frå vest og ser bygda. Totalt forkasteleg og grusom handtering av natur. I dag er der ei flott strandlinje når vatnet er oppe. Dette vert steinrøys om det vert fylling. Når vatnet er nedtappa, ligg stranda naken, men no er det sand som det er mogeleg å gå på i det minste. Det vert umogeleg med ei steinfylling som kjem til å ta halve stranda i austre enden. Her ligg og Røldal si drikkevasskjelde.

Vidare trengst det deponi på Votna og i Valldalen. Og i tillegg kjem det fyllingar frå vegtunellane på Liamyrane og Seljestad. Altså vert Røldal omringa av store steindeponi i alle retningar.

Dette kan ikkje nokon og heller ikkje NVE tillata. Vegdeponiet er uunngåeleg, men desse frå kraftutbygginga kan ein unngå. Me har stor kraftproduksjon slik det er, og etter pumpekraftutbygginga vert det dessutan mindre straum ut på nettet. Dette vert sjølv sagt bygd fordi det er stor lønnsemd i å køyra når prisane er på topp. Dette er det selskapa og eigarane som tenar på, medan me som eig området, sit att med skadane og ulempene.

Regulering

Røldalsvatnet midt i bygda kan gå opp og ned 0,75 meter i døgnet. Votna 4 meter og Valldalen 2 meter. Resultatet av dette er fare for større erosjon, meir frostrøyk, vanskelegare med båt og fiske. Isane vert endå verre å bruka og til dels ubrukelege.

På Votna kan ingen bruka isen meir. Røldal satsar på turisme, og over isen på Votna går ei svært populær skiløype som no vert ubrukeleg fordi isen aldri vert farbar. Det er dessutan direkte feil informasjon i fagrapport Villrein. Villrein kryssar som regel kvart år isen på Votna for å koma over til Gauthedler om våren.

Alle elvar er no utbygde med elvekraftverk. Dei einaste som er att, er Grøno, Middalselva og elva i Trossovdalen og Kvesso. Desse elvane ligg delvis i og i randsona til Hardangervidda nasjonalpark aust for Røldal.

Nei til meir utbygging

Mitt klare standpunkt er nei til ny kraftutbygging og meir øydelegging av naturen i Røldal – og til eit prosjekt som i tillegg gjer kraftproduksjonen mindre. Myndigheitene har vedtatt på verdsbasis at natur skal vernast så sant det går an. Det har Noreg skrive under på. Her går det fint an å spara det som er att. Å etablere pumpekraftverk i Røldalsvatnet midt i bygda og synleg frå alle kantar må vurderast som galskap og respektlaust overfor både folk og natur.

Avstemming

Under ei avstemming i bygda om ja eller nei til meir utbygging svara 105 personar nei og 36 ja. Dette visar at det er stor motstand mot dei planane som no ligg føre.

Sluttresultatet vert annleis

Eit anna og stort problem er at søkjarane ofte endrar på prosjekta etter godkjenning og endar opp med eit anna sluttresultat enn det dei søkte om. Eit godt eksempel på det er kraftverket i Tufteelva i Røldal og fyllinga over Storelva i samband med transport til kraftstasjonen i Lynghamrane. I samband med kraftverket i Tufteelva er sluttresultatet no heilt annleis enn det ein søkte om og fekk ja til. Og fyllinga over Storelva er enno ikkje utført slik det var lova. Det vart sagt at alt skulle bli slik det var, men det har ikkje skjedd. Mykje singel ligg att i elva, og ein høl i elva er øydelagd. Nesten all fisk er borte. Plastbitar etter salvene ligg i dagen over alt. Dette skulle ein plukka vekk, men det er ikkje gjort. Fyllinga vart lagd for å unngå å rusta opp brua, noko som var svært naudsynt. Så heller ikkje her fekk bygda noko att. Me fekk eit nytt overbygg for søppelkassane, noko som er bra.

Bygdefolket liter rett og slett ikkje på Statnett, Hydro, Lyse eller NVE lenger, for det ser ut som at dei ikkje tek omsyn til oss. Me er vel for få menneske som bur her til at det er verdt å bry seg med oss.

Kva rabalder ville alt dette ført til om det var i nærleiken av Stavanger, Bergen eller Oslo?

Oddbjørn Lynghammar
5760 Røldal



Slik ser det ut på Votna etter 60 år. Lite er grodd på alle disse åra. Og her vil Lyse laga ny og enda større fylling og det same i Valldalen.



Dette stranda vert endå meir øydelagt av ny fylling.



Røldalsvatnet 25.april 2021 ved Hamre.



Røldalsvatnet 27.april 2021. Austre ende.



Røldalsvatnet nedtappa om våren.